



Aukra kommune

Planomtale	
Plannamn	Reguleringsplan for Horremsleira friluftsområde
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547201110
Datert:	23.08.2016
Sist revidert:	08.11.2016 (endring er markert med raud skrift)
Vedtak:	Vedteken i Kommunestyret xx.xx.xxxx under sak xx

BILDE

Innhold

1 Innleiing	4
1.1 Føremålet med planarbeidet	4
1.2 Om forslagsstillar	4
2 Tilhøvet til andre planar	4
2.1 Kommuneplan	4
2.2 Reguleringsplanar	5
2.3 Andre dokument av betydning for planarbeidet.....	5
3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve	5
3.1 Beliggenheit.....	5
3.2 Planområdets avgrensing og storleik	6
3.3 Topografi	6
3.4 Dagens arealbruk	6
3.5 Kulturminne	7
3.6 Naturverdiar etter NML	7
3.7 Vegetasjon.....	9
3.8 Trafikktilhøve.....	9
3.9 Kollektivtrafikk	9
3.10 Grunntilhøve	10
3.11 Friluftsliv	10
4 Omtale av planforslaget	11
4.1 Planlagt arealbruk	11
4.2 Reguleringsføre mål	12
5 Konsekvensar av planforslaget	12
5.1 Konsekvensutgreiing, overordna planer	12
5.2 Naturverdiar etter Naturmangfaldlova (NML)	13

5.3 Vegetasjon.....	14
5.4 Kulturminne	14
5.5 Barn- og unge sine interesser.....	14
5.6 Universell utforming	15
5.7 Støy.....	15
5.8 Friluftsliv	15
5.9 Teknisk infrastruktur.....	15
5.10 Risiko og Sårbarheit (ROS).....	15
5.11 Elver og vassdrag.....	16
6 Planprosessen	18
6.3 Planprosess	18
Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)	19

1 Innleiing

1.1 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å regulere delar av Horremsbukta til offentlig friområde, samt legge til rette for bruk av strandområdet til rekreasjonsføremål. Tiltaka som er tenkt etablert er parkeringsplassar, område for lek og friluftaktivitetar, i tillegg til sikring av ein universelt utforma tilkomst til stranda og kvernhuset. Toalett og gapahuk er allereie etablert innanfor området.

1.2 Om forslagsstillar

Aukra kommune ved plan- og utviklingsavdelinga er forslagsstillar og ansvarleg for utarbeiding av planforslaget.

2 Tilhøvet til andre planar

2.1 Kommuneplan

I gjeldande kommuneplan sin arealdel (vedteken 21.06.2006) er planområdet avsett til «landbruks- natur- og friluftsføremål» (LNF), og «landbruks- natur- og friluftsføremål i sjø og vassdrag» (LNFS). Gjeldande kommuneplan sin arealdel er utarbeidd etter gamal plan- og bygningslov (PBL85), jf. figur 1.



Figur 1 – Utsnitt av gjeldande kommuneplan sin arealdel

I kommuneplanen sin arealdel som er under rullering er planområdet avsett til «landbruks- natur- og friluftsføremål» (LNF), «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone», samt «bevaring av kulturmiljø», jf. figur 2.



Figur 2 - Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel under rullering

2.2 Reguleringsplanar

Det er ingen gjeldande eller tilgrensande reguleringsplaner i området.


2.3 Andre dokument av betydning for planarbeidet

Rapportane «Kartlegging av biologisk naturmangfald i Aukra kommune» (2000) og «supplerande kartlegging av naturtyper i Aukra kommune» (2011) inneheld områdeskildring av Bakkelva og Horremsbukta med artsførekomstar, verdisetting og tilrådde skjøtselstiltak.

3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve

3.1 Beliggenheit

Planområdet ligg ved Horremsbukta, sør-vest på Gossen og på gnr 3 bnr 8, jf. figur 3.



Figur 3 – Planområdet er markert med raud sirkel

3.2 Planområdets avgrensing og storleik

Planområdet er avgrensa av sjøareal i vest og naboeigedomar i nord, sør og aust, og er vist med planavgrensing i svart, stipla strek på plankartet. Storleiken på planområdet er omlag 48 da.

3.3 Topografi

Planområdet heller svakt mot sør-vest.

3.4 Dagens arealbruk

Dei nordlegaste delane av planområdet er i stor grad eksisterande landbruksareal. Nede ved stranda er det etablert parkeringsplass, toalettbygg, gapahuk og ei bru over til eit naturområde. Frå elveløpet og om lag 40 meter

oppover elva er det plastra med stein. Området er prega av viktige natur- og kulturlandskapsmessige interesser, og er ein viktig og mykje brukt rekreasjonsstad i kommunen.

3.5 Kulturminne

Arkeologisk registrering er gjennomført, og innanfor planområdet vart det registrert automatisk freda kulturminne i form av tre kokegroper (ID 160301 i askeladden/kulturminnesok), jf. plankart.

Kvernhuset som ligg i Bakkelva er eit kulturminne frå nyare tid. Bygninga er lafta, og er truleg bygd på 1800-talet. Kvernhuset blei restaurert i 2001 i samarbeid med Romsdalsmuseet. Kvernhuset blei av innbyggjarane valt til kommunen sitt kulturminne i kulturminneåret 1997.




Figur 4 – Kvernhuset i Bakkelva

3.6 Naturverdiar etter NML

Miljødirektoratet sine tenester naturbase og artsdatabanken (GISLINK) er nytta for å undersøke om planområdet inneheld naturverdiar etter naturmangfaldlova, og fylgjande opplysningar er registrerte (sjå også figur 5 og 6 for lokalisering av dei enkelte observasjonane):

Arter:


Namn	Status
Geitsvingel (<i>Festuca vivipara</i>)	Art av særlig stor forvaltningsinteresse
Strandkjeks (<i>Ligusticum scothicum</i>)	Art av særlig stor forvaltningsinteresse
Østersurt (<i>Mertensia maritima</i>)	Art av særlig stor forvaltningsinteresse



Figur 5 - artsobservasjonar er vist med grå prikkar

Naturtyper:

Naturtype	Områdenamn	Verdi
Sand- og grusstrand	Horrembukta	B (viktig)



Figur 6 – naturtypen er vist med grøn skravur

3.7 Vegetasjon

Øvst på sandstranda er det tangvollar med vanlig og typisk artssamansetning for området som krushøymol, strandbalderbrå, strandrug og strandarv. I samband med registrering av biologisk mangfold i kommunen i 2000 og 2011, vart det observert geitsvingel, strandkjeks og østersurt, jf. punkt 3.6 ovanfor. NØ og NV i planområdet ligg det områder med dyrkamark. I bakkelva veks det mellom anna mannasøtgras, englodnegras, heifrytle, knappsviv og ørevier. Elles vart det i området observert selje, bjørk, furu og lerk. Av framande artar vart det observert rynkerose.

3.8 Trafikktilhøve

Statens vegvesen si teneste NVDB (norsk vegdatabank) er nytta for å finne informasjon om trafikktilhøve.

Tilkomsten til planområdet skjer over fylkesveg 217 (Horremsvegen). Horremsvegen har fartsgrense 80 km/t og ÅDT på 50 (andel lange køyretøy er 10%).

3.9 Kollektivtrafikk

Bussrute 561, Aukra-Hollingsholmen-Molde-Årø passerer planområdet. Det er ikkje etablert busslommer, og bussen stopper derfor ved behov langs vegen. Det er Aukra Auto som er ansvarleg for passasjertransporten på Gossen.

3.10 Grunntilhøve

Lausmassekart frå NGU viser at planområdet består av «marin strandavsetning, sammenhengende dekke» og et mindre område med «torv og myr (organisk materiale)».

Berggrunnskart frå NGU viser at planområdet består av gneis, vanligvis åregneis (migmattisk gneis).


AR5 kart frå Skog og landskap/NIBIO viser at området består av fulldyrka jord (orange), innmarksbeite (lys gul), skog (grøn) og open og jorddekt fastmark (beige), jf. figur 7.



Figur 7 - AR5 kart over området

3.11 Friluftsliv

Horremsbukta er i friluftsdatabasen (FRIDA) registrert som eit lokalt viktig friluftsområde, jf. figur 8.



Figur 8 – Utsnitt frå FRIDA (friluftsdatabasen)

4 Omtale av planforslaget

4.1 Planlagt arealbruk

Planlagt arealbruk er opparbeiding av ein universelt utforma tursti til stranda og kvernhuset (allereie etablert), utviding av eksisterande parkering ved toalettbygget og ny parkering ved turstien. Eksisterande landbruksareal og naturområder som grensar til friområdet vert vidareført i planforslaget. Toalettbygg, gapahuk, planert område for telt, plastring av elvebreidd og bru er allereie etablerte tiltak innanfor planområdet.

Den eksisterande parkeringsplassen (P1) ved toalettbygget er føreslått utvida mot aust for å dekkje eit auka behov for parkering i området. Parkeringsplassen vil ha ein kapasitet på om lag 30 bilar, noko som er antekt å være tilstrekkelig for noverande og framtidig bruk av området.

Parkeringsplassen (P2) ved stien til kvernhuset er føreslått for å lette tilkomst til kvernhuset ved nødvendig skjøtsel og vedlikehald i området.

4.2 Reguleringsføremål

§ 4.2.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§ 4.2.1.1 Veg (V1)

§ 4.2.1.2 Køyreveg (KV1)

§ 4.2.1.3 Parkering (P1, P2)

§ 4.2.1.4 Annan veggrunn (AVT)

§ 4.2.2 Grøntstruktur

§ 4.2.2.1 Naturområde (N1 – N5)

§ 4.2.2.2 Friluftsområde (FRI)

§ 4.4.2.3 Turveg (TV)

§ 4.2.3 Landbruks- natur og friluftsføremål

§ 4.2.3.1 Vern av kulturminner og kulturmiljø (KMV)

§ 4.2.3.2 Landbruk (L1)

§ 4.2.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag

§ 4.2.4.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag (BVS, BVV)

§ 4.2.5 Omsynssoner

§ 4.2.5.1 Frisiktsone

§ 4.2.5.2 Bestemmelsesområde – Automatisk freda kulturminne

§ 4.2.5.3 Bevaring naturmiljø (H560)

5 Konsekvensar av planforslaget

5.1 Konsekvensutgreiing, overordna planer

Alle reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast, jf. plan- og bygningslova § 4-2, andre avsnitt. Merk også at krav om konsekvensutgreiing gjeld for reguleringsplanar som avvik

vesentleg frå gjeldande kommuneplan, jf. plan- og bygningslova § 12-3, tredje avsnitt.

I gjeldande kommuneplan sin arealdel, vedteken 21.06.2006, er planområdet avsett til «landbruks- natur og friluftsføremål» (LNF), og «landbruks- natur- og friluftsføremål i sjø og vassdrag» (LNFS). Reguleringsplanen vidarefører eksisterande landbruksareal og naturområde, og legg til rette for eit offentleg friluftsområde ved Horremsbukta, samstundes vert det ikkje det lagt til rette for nye permanente tiltak som avvik frå LNF føremålet. I eksisterande naturområde (N2) er det ønske om å oppføre eit bygg for oppbevaring av reiskap knytt til skjøtselstiltak innanfor planområdet, noko som vert tolka til å være i samsvar med LNF føremålet.

Kommuneplanen sin arealdel som er under rullering, og forventa ferdigstilt seint 2016, vidarefører føremåla i gjeldande kommuneplan sin arealdel, men tilpassar dei til ny plan- og bygningslov (PBL2008).

Tiltaka som er føreslegne innanfor planområdet er ikkje vurdert til å være av eit slikt omfang at det vert løyst ut krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutredningar §§ 2-4, og vedlegg 1-3. Planforslaget avvik heller ikkje vesentleg frå gjeldande kommuneplan sin arealdel eller kommuneplanen sin arealdel som var under rullering når dette planforslaget vart utarbeidd.

[5.2 Naturverdiar etter Naturmangfaldlova \(NML\)](#)

Kunnskapskravet i § 8 i NML er oppfylt ved at ein har nytta eksisterande og tilgjengeleg kunnskap om naturmangfaldet innanfor planområdet gjennom bruk av naturbase og artsdatabanken (GISLINK).

Det er registrert ein viktig naturtypelokalitet i Horremsbukta, og det er gjort observasjonar av artar av særleg stor forvaltningsinteresse, jf. punkt 3.6. I plankartet er dette området regulert med føremåla «H560 (omsynssone for bevaring av naturmiljø og «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner». Føremåla skal sikre berekraftig bruk og vern av stranda og strandsona i Horremsbukta, og det er nedfelt i føresegnene at det ikkje er tillatt å utføre tiltak som er permanente, eller på nokon annan måte til skade for dei registrerte naturverdiane i området, krava i § 9 er dermed oppfylt.

Etter § 10 skal påverknad på eit økosystem vurderast utifrå den samla belastninga økosystemet er eller vil bli utsett for, basert på opplysningane over

kan ikkje kommunen sjå at dette er ei realistisk problemstilling, det same gjeld § 12.

Dersom det vert utført tiltak i området som er i strid med krava i reguleringsplanen og tilhøyrande føresegner, kjem § 11 til anvending.

5.3 Vegetasjon

Det er gjort observasjon av karplanter av særleg stor forvaltningsinteresse i Horremsbukta, jf. punkt 3.6. I plankartet er dette området regulert med «H560 (omsynssone for bevaring av naturmiljø og «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Føremåla skal sikre berekraftig bruk og vern av stranda og strandsona i Horremsbukta, og det er nedfelt i føresegnene at det ikkje er tillatt å utføre tiltak som er permanente, eller på nokon annan måte til skade for dei registrerte naturverdiane i området. Øvreg vegetasjon innanfor planområdet er så vanlig at det ikkje medfører konsekvensar dersom desse vert fjerna i samband med arbeid i området. Det er observert framande planteslag i området som vert tilrådd fjerna (rynkerose).

5.4 Kulturminne

Det er registrert automatisk freda kulturminne i form av tre kokegroper innanfor planområdet, jf. punkt 3.5. Det er gitt løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter kulturminnelovas § 8, fjerde ledd, jf. brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 27.11.2012. Kulturminna er vist på plankartet med reguleringsføremåla bestemmelsesområde med bestemmelsesgrense, med tilhøyrande omtale i føresegnene.

Kvernhuset i Bakkelva er eit nyare kulturminne, dette er vist på plankartet med reguleringsføremålet «vern av kulturminner og kulturmiljø», med tilhøyrande omtale i føresegnene.

5.5 Barn- og unge sine interesser

Planforslaget ivaretek barn- og unge sine interesser ved at det vert sett av tilstrekkeleg store og sikre areal til leik og andre friluftaktivitetar på land og i sjø, og ved at det vert lagt til rette for ein universelt utforma turveg gjennom planområdet som sikrar trygg ferdsel for syklende og gåande. I tillegg får barn- og unge sin representant i plansaker, og folkehelsekoordinator høve til å kome med uttale til planforslaget i samband med offentleg høyring.

5.6 Universell utforming

Det er nedfelt i føresegnene at krava om universell utforming, så langt det let seg gjere, skal leggast til grunn ved utforming av alle bygg, parkeringsareal, uteopphaldsareal, stiar m.m.

5.7 Støy

For utandørs støy nivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningsliner T-1442/2012, eller seinare vedtekne retningsliner som erstattar desse, leggast til grunn. Støy innanfor planområdet er knytt til biltrafikk, motorfartøy i sjøen og generell bruk av området, men er så pass begrensa at det må sjåast på som påregneleg i eit offentleg friområde.

5.8 Friluftsliv


Horremsleira er prega av viktige natur- og kulturlandskapsmessige interesser, i tillegg til at det er ein viktig og mykje brukt rekreasjonsstad i kommunen. Horremsbukta er i friluftsdatabasen (FRIDA) registrert som eit lokalt viktig friluftsområde. Gjennom utarbeiding av ein reguleringsplan for dette området er ein med på å sikre desse verdiane for framtida (ein reguleringsplan gjeld til den vert oppheva ved vedtak eller erstatta av ein ny plan). Ein vedteken reguleringsplan er og eit godt verktøy dersom ein ønsker å søke om støtte til ulike tiltak innanfor planområdet.

5.9 Teknisk infrastruktur

Planforslaget får ikkje konsekvensar for eksisterande teknisk infrastruktur innanfor planområdet.

5.10 Risiko og Sårbarheit (ROS)

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit. Det blir her vist til utfylt sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jfr. vedlegg 1. Elles viser kartdata frå NVE at store delar av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaum, jf. figur 9.



Figur 9- Aktsemdkart for flom, NVE

5.11 Elver og vassdrag

I 2010 blei det utført tiltak i Bakkelva der det vart plastra med relativt stor stein frå elveutløpet og om lag 40 meter oppover elva, jf. figur 10 og 11. Dette førte til at dei naturlege kulpane i elva forsvann. Bakkelva er karakterisert som moderat forureina på grunn av avrenning frå beite og eng (jf. <http://vannnett.no/portal/Water?WaterbodyID=106-13-R>), det er derfor mindre truleg det vil gå fisk i den slik situasjonen er no. Dersom forureinings situasjonen i framtida ver utbetra, kan det vurderast å utføre tiltak ved elvebreidda og elvebotnen slik at det igjen vert leveleg for fisk i elva.



Figur 10 - Plastring av elvebreidd, start



Figur 11- Plastring av elvebreidd, slutt

6 Planprosessen

6.3 Planprosess

Melding om oppstart	04.11.2011
Merknadsfrist etter melding om oppstart	20.12.2011
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til 1. høyring	21.03.2012
Høyring i perioda	26.03.2012 – 06.05.2012
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til 2. høyring	28.08.2013
Høyring i perioda	02.09.2013 – 14.10.2013
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til 3. høyring	14.09.2016
Høyring i perioda	26.09.2016 – 07.11.2016
Kommunestyret eigengodkjenner reguleringsplanen	
Klagefrist etter endelig vedtak av reguleringsplanen	

Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge moglege av klimaendringar?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	i	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Infrastruktur	a	Er det kjente ulykkespunkt på transportnett i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenningslinjer?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningsmaster?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det omsorgs- eller oppvekst institusjonar i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Sjekklista er gjennomgått den 12/08/ 2016 av *sign:* Svein Rune Notøy